

ÅRSMELDING 2012

STYRET 2012-2013 :

Leiar: Arild Teigen
Nestleiar: Lars Tungen
Sekretær: Anne Klevstad
Kasserar: Tor Teigen
Styremedlem: Linda Myromslien

Varafolk: Grete Lilleseter og Bjørn Moldal

VALNEMD

Valnemda bestod i 2012 av : Ivar Klomstad, Rolf Moen og Tom Henning Nyheim

STYREMØTER 2012

Styret har hatt 4 styremøter i 2012. Det har vorte behandla 24 saker

MEDLEMMAR

Foreninga hadde ved utgangen av året 213 medlemmar. Dette er ein auke på heile 55 medlemmar frå året før.

ØKONOMI

Sjå eige vedlegg

LAGSBLADET ” Gåmålt frå Qvam”

Vi fekk ut dei tre planlagte nummera av ”Gåmålt Frå Qvam” i løpet av året. Hovedsakene i dei tre blada var: Kvam Mek, Brev frå Jon Sætre og Wellbergsmeden. Det første nummeret vart fulldistribuert til heile bygda m/innlagt giro. Styremedlemmane delte bygda mellom seg og leverte i alle postkasser. Det første nummeret i 2012 var òg det første nr.av bladet som var i farger. Det har vore relativt grei tilgang på stoff til bladet i 2012. Men lite av det kjem heilt av seg sjølv. Det må arbeidast jevnt heile året for å oppspore aktuelt stoff. Her er det også viktig å få fram nye skribentar. Terskelen for å komme på trykk i bladet skal vere låg.

SCANNING AV BILDER/DIGITALISERING AV FILM

Vi har òg skanna fleire fotosamlingar i 2012. Blant anna har vi fått låne ei flott samling gamle postkort frå Kvam av Peik Hoppe (Ola Hommerstad).

Nils Røssummoen har lånt oss fleire kvalfangarbilder og Terje Lien har vore innom med ei større samling bilder frå Sjoa/Kolloen.

Ca. 10-15 andre personar har òg lånt oss bilder for skanning.

Fleire har òg lagt ut bilder på facebookssidene våre i løpet av året.

Vi har nå lagt ut videointervju med eldre Kvamværer, som forteller om sine krigsminner på nettsidene våre.

Vi har òg digitalisert og lagt ut en video fra da Kong Olav besøkte Kvam på 1980-tallet. I tillegg har vi digitalisert og lagt ut en video som viser rivinga av den gamle Norolstasjonen i Kvam.

ANNA HISTORISK KJELDEMATERIALE

Av Nils Røssummoen har vi fått låne ei stor samling historiske avisklipp om Kvamsfotballen.

Vi har òg fått låne protokollen til det nå nedlagte Kvam Småbrukarlag.

Vi har skanna ein protokoll som har vore brukt av Kvam Bygningsråd.

Lars T. og Arild T. var ein tur på statsarkivet på Hamar sommaren 2012. Her avfotograferte vi ein god del kjeldemateriale ang. den gamle Kvamskyrkja. Dette vil etterkvart bli oversett til ”moderne” språk og dermed bli tilgjengeleg for dei som måtte vere interessert.

NETTSIDER OG FACEBOOK

Aktiviteten på facebookssidene har vore stor det siste året. Medlemmar har gjeve gode bidrag med bilder og anna historisk materiale.

Totalt har trafikken på nettsidene auka med 50% frå 2011 til 2012.

ANNA AKTIVITET I FORENINGA

Foreninga har i året som har gått støtta arbeidet med å få til eit minnesmerke over sivile falne i Fredsparken. Styret i foreninga har bidrege både økonomisk og historiefagleg i dette prosjektet.

Medlemmar i foreninga har òg bidrege med artiklar i årboka ”Fronsbygdin”.

Redaksjonen i ”Fronsbygdin” har sett stor pris på dette òg håpar på eit fortsatt samarbeid rundt historiske artiklar frå Kvam.

Linda M. har i året som er gått vore i kontakt med Hans Opsahl ang. ”vassvegen” som går fra Gravdalen og nedover. Linda var også saman med Hans og Anne Helga Opsahl, med på ei historisk vandring til murane som er igjen ved Nordlia.

For styret i Kvam Historiske Forening

Arild Teigen

Kvam 22/4-2012